
Saksnr: 2021/39484-1
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		08.09.2021

Omdisponering av midlar til bedriftsintern opplæring

Forslag til vedtak

1. Hovedutval næring vedtek at midlar til bedriftsintern opplæring løyvd over statsbudsjettet for 2021, samla kr. 5,5 millionar kroner, blir lagt til dei ekstraordinære midlane til bedriftsintern opplæring som er lyst ut med søknadsfrist 10. september for å styrke bedrifter som er råka av covid-19.
2. Hovedutval næring vedtek at unytta midlar til karriererettleiing for permitterte og arbeidssøkjande, 1.2 millionar kroner, vert omdisponert til søkbar ordning; bedriftsintern opplæring, som er lyst ut med søknadsfrist 10. september for å styrke bedrifter som er råka av covid-19.

Samandrag

Fylkeskommunane har frå 01.01.2020 ansvaret for tiltaket bedriftsintern opplæring. I tillegg til årlege løyvingar over statsbudsjettet for 2021 på 5,5 millionar kroner, har Vestland fylkeskommune frå stortinget sitt vedtak våren 2021 på tiltakspakke «korona» fått tildelt 35 millionar i ekstraordinære midlar som skal nyttast til bedriftsintern opplæring i inneverande år. I den første runden, med søknadsfrist 10. juni, blei det fordelt 25 millionar kroner pluss restmidlar frå året før. Andre runde har søknadsfrist 10. september. Foreløpig er det sett av dei resterande 10 millionar kronene til denne. Pågangen og tal søknadar har vore svært stort frå bedrifter som er råka av pandemien. Det er difor administrasjonen si vurdering behov for å auke potten med midlar til bedriftsintern opplæring i andre runde for å stette bedriftene sine behov for kompetanseheving som følgje av pandemien. Dei ekstra midlane kan hentast frå dei ordinære BIO-midlane på kr. 5,5 mill. som enno ikkje er lyst ut og ein avsetnad på ubrukte midlar til karriererettleiing for permitterte og arbeidsledige på kr. 1,2 mill. (PS 88/2020), Anbefalinga er då å setje av samla kr. 16,7 millionar kroner, som fordelast til søkjargode prosjekt som tilfredsstillar kriteria i utlysinga av BIO-midlar.

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Kathrin Jakobsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå 2020 blei ansvaret for arbeidsmarknadsstiltaket bedriftsintern opplæring (BIO) overført til fylkeskommunane. I 2021 fekk Vestland fylkeskommune løyvd 5,5 millionar kroner over statsbudsjettet til bedriftsintern opplæring. I tillegg vedtok Stortinget å auke ramma til BIO-midlar med 200 millionar kroner som skulle gå til bedrifter som er ramma av pandemien. Vestland fylkeskommune fekk tildelt 35 millionar kroner av desse. Fylkeskommunedirektøren fekk løyve til å lyse ut dei ekstraordinære midlane i to rundar i 2021 (fylkesutvalet [PS 54/2021](#)). I den første runden, med søknadsfrist 10. juni, blei det fordelt 25 millionar kroner pluss restmidlar frå året før (sjå [RS 74/2021](#)). Andre runde har søknadsfrist 10. september. Her er det lyst ut 10 millionar kroner. Hovudkrav til søknadene i begge rundene har vore:

- At bedrifta er råka av koronakrisa.
- At opplæringstiltaka skal vera knytt til planar for framtidig vekst eller tilpassing til nye marknadssituasjonar.
- At grunngjeving for behovet for kompetanseheving i bedrifta er godt formulert.
- At gjennomføring av opplæringstiltaket har ein tidsplan på under 26 veker.
- At tilskotet ikkje skal utgjere meir enn 30 000 kr per deltakar i opplæringa. Unntak må grunngjevast særskild.

Behov for å auke potten til bedriftsintern opplæring relatert til Covid-19

BIO-midlane har hatt stor pågang frå bedrifter i heile Vestland i 2021. I første runde kom det inn søknader for 50 millionar kroner. Avdelingsdirektøren måtte difor gje avslag på mange gode søknader som tilfredsstilte kriteria. Det er tydeleg at det framleis er mange bedrifter som framleis er råka av pandemien og som har behov for desse midlane.

På bakgrunn av erfaringane frå første utlysingsrunde og den store interessa vi har registrert for ordninga, gjer avdelingsdirektøren framlegg om å auke potten med midlar som skal fordelast no i andre runde. Dette kan gjerast på følgjande måtar:

1) Ordinære midlar til BIO løyvd over statsbudsjettet for 2021

Dei 5,5 millionane til BIO som ligg i ramma til avdelingsdirektør for innovasjon og næringsutvikling for 2021, skulle etter planen fordelast etter ei eiga utlysing. Ei politisk sak skulle fremjast til hovudutval for næring i haust med forslag til vilkår og kriterium for denne utlysinga (PS 54/2021). Til grunn for dette lå ei antaking om at pandemien på dette tidspunktet ville vere over og midlane kunne då få ei anna innretning. Situasjonen per i dag er at samfunnet enno ikkje er gjenopna og behovet for å hjelpe bedrifter som har behov for å byggje kompetanse for å stå betre rusta under pandemien og når pandemien er over, er framleis til stades. Avdelingsdirektøren gjev difor framlegg om å overføre dei ordinære midlane til potten med midlar som skal fordelast til bedriftsintern opplæring i andre runde.

2) Ekstraordinære midlar til kompetansehevingstiltak i 2020

I 2020 fekk Vestland fylkeskommune 29,7 mill kroner over kap. 572 post 60 Rammetilskudd til fylkeskommunene. Dette var ekstraordinære midlar som skulle nyttast til kompetansehevingstiltak i samband med Covid-19.

Fylkesutvalet gjorde i sak [PS 88/2020](#) følgjande vedtak, pkt 1:

«Ekstraordinære midlar til kompetansehevingstiltak skal nyttast til å styrke følgjande område:

- Bedriftsintern opplæring: 12 838 500 kroner
- Karriererettleiing via Karriere Vestland: 2 000 000 kroner
- Fagopplæring og fagskule: 14 838 500 kroner»

Midlane til Karriere Vestland på 2 millionar kroner var meint å skulle gå til å ruste opp kapasiteten knytt til karriererettleiing for permitterte og arbeidslause i fylket. Det høge talet permitterte og arbeidsledige som følgje av Covid-19 var venta å føre til ein monaleg auke i pågang frå vaksne som treng karriererettleiing. Avdelingsdirektøren inngjekk difor ein avtale med arbeidsmarknadsbedriften Beredt om leveranse av karriererettleiingstenester for å ta unna den auka etterspurnaden. Trass i marknadsføring av denne tenesta til målgruppene både via partane i

arbeidslivet og NAV, fekk vi ikkje den forventa auken i etterspurnaden. Beredt har i vår og i haust levert tenester for om lag 800 000. 1,2 millionar kroner står etter dette i rest. Midlane må framleis nyttast til kompetanseheevande tiltak med utgangspunkt i dei behova pandemien har utløyst. Avdelingsdirektøren gjer difor framlegg om å ompostere desse midlane til bedriftsintern opplæring.

Til saman vil dette auke potten til bedriftsintern opplæring i andre runde med 6,7 millionar kroner, slik at vi kan tildele midler for i alt 16,7 millionar til bedrifter som tilfredsstillir kriteria. Partane i arbeidslivet, LO og NHO, har gitt si tilslutning til ei slik løysing.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tiltaket medfører ikkje behov for ekstra løyvinger, men kan realiserast gjennom ompostering av midlar.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Tiltaket vil medverke til å halde folk i arbeid, noko som er eit av dei viktigaste folkehelseiltaka vi har.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ei av hovudmålsettingane i Utviklingsplan for Vestland (2020-2024) er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket i landet. For at bedriftene skal lukkast med dette er det nødvendig å sikre seg rett kompetanse for framtida. Bedriftsintern opplæring, er opplæring på arbeidsplassen, og kan sjåast som eit lågterskeltilbod. Dette vil kunne stimulere til ytterlegare etter- og vidareutdanning.

Konklusjon

Potten til andre utlysing av midlar til bedriftsintern opplæring i bedrifter som er råka av Covid-19 blir auka med 6,9 millionar kroner, til 16,9 millionar kroner, for å møte etterspurnaden. Midlane hentast frå dei ordinære BIO-midlane i 2021 (5,5 millionar kroner) og unytta midlar i til karriererettleiing for permitterte og arbeidsledige som følgje av pandemien (1,4 millionar kroner).